

Elevane skal selja 500 hjartelodd denne veka

17.03.2009

Det er denne veka elevrådet ved skulen gjennomfører det tradisjonelle salet av hjartelodd i samarbeid med helselaget. Lodda kostar 30 kroner og ein del av overskotet går til skulen og blir disponert av elevrådet.

Elevane har fått 500 lodd for sal. Ifjor var sågodtsom alle selde og målsettinga i år er like høg i år. Salet er allereie godt i gang.

Elevane frå tredje til sjuande klasse har fått med seg lodd heim. Kvar elev frå tredje til femte klasse har fått sju lodd og kvar elev frå sjette og sjuande klasse har fått åtte lodd.

Lodd som ikkje blir selde skal leverast inn på skulen på måndag og dei som av ein eller annen grunn ikkje har hatt elevbesøk men ønskjer å kjøpa lodd kan venda seg til skulen om dette.

Elevane har ikkje fått tildelt spesielle ruter som dei skal gå, men dei er oppfordra om å vera oppfinnsame og tenke ut stader der dei trur ingen har vore slik at alle i Uskedalen får besøk.

Om nokon skrapar og vinn 30 kroner, kan dei få eit nytt lodd. Seljaren tek då med vinnarloddet tilbake - det tel som 30 kroner. Om ein vinn større gevinstar må dei sende inn loddet sitt. Adressa, kva ein vinn på og korleis ein skal gjera når ein vinn står bak på loddet, opplyser elevrådet.

Elevrådet får 35 prosent av dei 30 kronene som ein betalar for eitt lodd og i fjor gav det 4.500 kroner. Pengane gjekk i det alt vesentlege til uteområdet.

Det er lang tradisjon for samarbeidet mellom skulen og helselaget om loddsal. For nokre år sidan vart det samspel om sal av maiblomen, i dei seinare åra altså om hjartelodda.

Av Ola Matti Mathisen